

Bondeposten 2/2022

Informasjonsskriv frå avdeling plan og forvaltning, nr. 2/22.

Ansvarleg redaktør:

- Haldis K. Nilsen

Redaksjon:

- Torborg Kleppa
- Anne Kari Skogerbø
- Kristofer Tveiterå

Innhaldsoversikt

1 [Produksjonstilskot](#)

2 [Regionalt miljøtilskot - RMP](#)

3 [Klimakalkulator](#)

4 [Kommunale tilskotsordningar](#)

5 [Straumstøtte til landbruket](#)

6 [Tilskot til drenering - auka satsar fom 1. juli 2022](#)

7 [Avlingsskade](#)

8 [Sjekk av gjødselport](#)

9 [Etablerarrettleiing](#)

10 [Disponering av mjølkekvote](#)

11 [Skog](#)

12 [Viltforvaltning](#)

13 [Meir informasjon om utsendingar](#)

1 Produksjonstilskot

Ekstrautbetaling av produksjonstilskot i 2022

I jordbruksoppgjæret blei partane einige om å kompensere for inntektssvikten i 2022. Ekstrautbetalinga var i veke 36, 6. og 9. september. Første utbetaling for slaktedy 2021, arealtilskot og distriktstilskot til tomat/agurk/salat utifrå godkjent søknad 2021. Andre utbetaling til husdyr utifrå søknad mars 2022. Dei som startar opp i 2022 vil få utbetaling i februar 2023.

Klagefrist på ekstrautbetalingane er 3 veker etter vedtak for tilskot utifrå søknad oktober 2021, og tre veker etter mottatt vedtak om produksjons- og avløysartilskot for søknadsåret 2022 for tilskot basert på søknad mars 2022.

Produksjonstilskot 2022

Søknadsfristen er 15. oktober. Dersom du har sendt inn søknad innan frist, kan du endre søknaden tom 29.10. Det går an å etterregistrere meir dyr sankt frå utmarksbeite, meir levert frukt og meir dokumenterte avløysarutgifter innan 10. januar. Avløysinga må ha skjedd i 2022.

Eigenerklæring – gjødselplanen skal oppdaterast kvart år, og omfatte alt areal du driv og/eller spreier gjødsel på.

Avløysarrefusjon

I søknad om produksjonstilskot får du berekna kor mykje avløysarrefusjon du har rett på utifrå det dyretalet du har lagt inn i søknaden. Pr 1. mars er det berre dyretalet for første søknadsomgang som blir med i berekninga. Du må og ta med dyretalet pr 1. oktober for å få til ei meir reell utrekning av avløysarrefusjonen.

For sauer er det berre dyretalet pr 1. mars som ligg til grunn for berekninga. Pr 1. mars er det fjorårets satsar som ligg til grunn pga at nye satsar blir vedtatt i jordbruksavtalen i mai/juni. Når du søker produksjonstilskot nå i oktober er avløysarrefusjonen oppdatert med nye satsar. Maksimal avløysarrefusjon for 2022 er kr 96 580,-.

Slaktedy blir ikkje oppgitt anna en tal dyr akkurat på teljedato i søknaden. Her vert slakteleveransar opplyst frå slakteri til systemet. Driv du med slaktegris og slaktekylling, er ikkje utrekninga i søknaden om produksjonstilskotet fullstendig før alle slaktedata er registrert, dersom ein ikkje når maksimal refusjon før det. Leverer du til slakt i desember, blir ikkje avløysarrefusjonen oppdatert før etter 15. januar. Siste frist for å etterregistrere avløysarutgifter for året som var er 10. januar. Dersom du lurer på ca. kva refusjonsgrunnlaget ditt er, er det ei lenke til eit rekneark der du kan berekne maksimal avløysarrefusjon i søknad om produksjonstilskot under meldinga «foreløpig berekna tilskot».

Ajourhald av gardskart

NIBIO har gått gjennom gardskartet, arealressurskarta, for heile Hjelmeland på slutten av 2021 etter at her vart flyfotografert i 2019 og 2020. Dei har gjort ein del korrigeringar i kartet, utifrå nye flyfoto, vegbasar mm. Du må

sjølv sjå gjennom kartet og sjå om korrigert kart stemmer. Du kan gå på gardskart eller kilden og krysse av for «endringar» i venstre marg og sjå kva som er gjort.

Gardskartet er generelt «ferskvare». Her kan stadig vere endringar, nybygg, dyrking, masseuttak, rydding eller attgroing av beite, ny veg eller endringar i gardsrommet osv. Har du endringar slik at kartet må oppdaterast, ta kontakt med kommunen som må godkjenne endringa/oppdatere kartet. Frist for å melde ifrå til kommunen om oppdatering av kartet digitalt, for at arealgrunnlaget skal bli rett for søknad om produksjonstilskot var 18. august. Du kan framleis gi beskjed om endringar, då må desse leggast inn i landbruksregisteret manuelt for at det ikkje skal kome feilmeldingar i søknad om produksjonstilskot. [Du kan sjekke areala i gardskartet hjå NIBIO.](#)

I gardskartet kan du zoome ut og inn, du kan velje om du vil ha markslagkart, flyfoto eller anna. Du kan og legg på lag for kulturminne, naturverdiar osv.

Det er arealet som er registrert i kartet du kan søkje produksjonstilskot og RMP-tilskot til. Søker du til meir areal enn det som er registrert i gardskartet får du stoppmelding.

Kantsone langs vassdrag og produksjonstilskot

I forskrift om produksjonstilskot § 4 står det «tilskotet avkortast dersom jordbruksarealet ikkje har vegetasjonssone på minst 2 meter mot vassdrag med årssikker vassføring». Det er eit minstekrav med 2 m for å motta produksjonstilskot. Kravet er ikkje til hinder for at vegetasjonsbelte kan haustast eller beitast, men sona skal ikkje jordarbeidast eller sprøytast.

2 Regionalt miljøtilskot - RMP

Søknadsfrist er 15. oktober. Resultatet i årets jordbruksoppgjær blei 20,7 millionar kroner i auka ramme for Regionalt miljøprogram i Rogaland. Dermed kan bønder i Rogaland søke RMP for til saman 66,4 millionar kroner i søknadsomgangen 2022. Alle landbruksføretak i Rogaland kan søke tilskot for å gjere miljøtiltak på eigen gard eller leigejord. Ein får kanskje ikkje nytta heile effekten av auka tilskot i år, sidan mange miljøtiltak må startast ved våronna, som var unnagjort når jordbruksoppgjeret blei landa. Men det er eit viktig signal til neste vekstsesong.

Endringar i 2022

Tilskotssatsane er auka for fleire ordningar, og tilskotstaka fjerna for søknader om tilskot til miljøvenleg gjødselspreiing, miljøavtalar og kulturminne. Tilskot til grasdekte vassvegar i åkerareal er også innført som eit nytt for tiltak mot erosjon. I år blir det differensiert i tilskotssatsane for kantsoner i eng langs vassdrag.

Statsforvaltaren har dialog med beitelaga i fylket om det er mogleg å få til avtalar mellom beitelaga for sanking i «tomme beiteområde».

Rullering av Regionalt miljøprogram i Rogaland

Ny programperiode er 2023–2026. Det er Regionalt miljøprogram som definerer kva slags ordningar som skal virke i Rogaland. Saman med Rogaland bondelag og Rogaland bonde- og småbrukarlag og andre regionale aktørar skal Statsforvaltaren utarbeide nytt program. I forkant av høyringa har Statsforvaltaren hatt opne temamøte. Det blir ordinær høyring av ny forskrift i vinter.

Tips til søknad om RMP

Når du er i søknadsskjema må du velje knappen «Tegn i kart» før du går vidare til resten av søknaden. Dersom tiltaka er som i fjor kan du seie ja til å importere det du fekk godkjent i fjor. Husk at for kydestuvar kan du søkje på berre dei trea du har kylvd i inneverande år. Her må du difor slette dei du søkte på i fjor og eventuelt legge inn dei trea du har tatt i år. Du kan slette eit og eit punkt. Øvst er det ein knapp som heiter «fjern alle tiltak» då fjernar du ALT, både frå i fjor og dei du eventuelt har teikna i år. Det du søkte på i fjor kan du hente inn att med å «importere det som bli godkjent i fjor» ein knapp i menyen over kartet, men ting du har teikna i år må du då teikne på nye.

Miljøvenleg gjødselspreiing. Først må du teikne areal du har spreidd på med nedfellingsutstyr, og ETTERPÅ kan du teikne areal du og har nytta tilførselsslange på. Motsett rekkefølge går ikkje, då får du melding om at det ikkje er gyldig areal å teikne i.

Biologisk mangfald av ymse slag

Det er føretatt kartleggingar fleire stader i kommunen. Stundom tek det tid før kartleggingane kjem i kart. Nokon gonger har grunneigar bedt om kartlegging, andre gonger veit ein ikkje om at her er gjort kartlegging. Det kan difor vere lurt å sjekke om det er kartlagt noko på din eigedom, som du har skjøtta i tråd med skjøtselsråda i RMP, og som du difor kan søkje tilskot til. For å finne ut meir om dette kan du opne nettsida temakart-

rogaland.no Når du opnar sida står det til høgre «informasjon» og så kan du velje kartlaget Regionalt miljøprogram. Du kan zoome deg inn til ditt område og så vel du knappen for tema – symbolet som ser ut som ein haug med papir/lag på lag, og så krysse av for ulike kartleggingar eller ordningar i RMP. Det står meir i rettleiinga om kva det gis tilskot til og kva verdi for eksempel naturbeitemarka må ha for at du kan søkje tilskot.

Søknadsfristen for RMP er 15. oktober. Du kan gjere endringar i søknaden kor mange gonger du vil før dette. Men gjer du endringar etter denne dato blir det rekna som ny innsendt søknad og du får kr 1000,- i avkorting pr dag du er etter søknadsfrist 15. oktober. Ta difor kontakt med kommunen om du lurar på noko etter søknadsfrist.

3 Klimakalkulator

Den nyaste versjonen av klimakalkulatoren kom i juni.

Desse produksjonane er med i kalkulatoren per 23.08.2022:

- Mjølkk
- Korn
- Svin
- Ammeku
- Fjørfe
- Potet
- Sau
- Gulrot
- Løk
- Kålrot

4 Kommunale tilskotsordningar

Det er vedtatt to nye tilskotsordningar for næringslivet:

- ei til etablering av ny næring eller investeringstiltak i eksisterande bedrifter
- ei til grøn omstilling

Begge ordningane er aktuelle for landbruket, og i ordninga som gjeld nyetablering og investeringstiltak skal minst kr 200 000,- nyttast til landbrukstiltak. Denne ordninga inkluderer nydyrking og andre investeringar i landbruket.

Landbruksføretak som gjer investeringstiltak for å hindra forureining og redusera klimautslepp kan søkje om tilskot til grøn omstilling. Søknadsfrist er 15. oktober for begge ordningane i år.

[Les meir om tilskotsordningane](#)

5 Straumstøtte til landbruket

Ordinga held fram tilsvarande tidlegare ordning for jordbruksføretak. MEN alle føretak som søker straumstøtte MÅ registrera seg på ny, etter den omgangen som var i vinter tom mars 2022. Det er nok å registrera seg ein gong for framtidig støtte.

[Sjå meir på landbruksdirektoratet.](#)

Det vart opna for søknad i august. Søknadsfrist dersom du skulle søke for heile perioden april 2022 – mars 2023 var 30. september. Dersom du søker støtte fom juli 2022 er fristen 30. november.

6 Tilskot til drenering - auka satsar fom 1. juli 2022

Etter jordbruksforhandlingane i år aukar tilskotssatsane for drenering til

- 2 500 kroner per dekar og
- 38 kroner per løpemeter grøft, avgrensa til maksimalt 2 500 kroner per dekar berørt areal.

Dette gjeld for søknadar sendt inn etter 1. juli 2022.

Behandling av søknadar som er sendt inn før 1. juli der tiltaket ikkje er påbegynt:

Søkarar som har fått løyvd tilskot før 1. juli etter gamle satsar, kan trekkje gamal søknad og sende ny søknad når arbeidet på det omsøkte arealet ikkje er påbegynt. Kommunen må då fatte nytt vedtak om tilskot med nye satsar.

Samstundes skal kommunen inndra tidlegare løyvd tilskot og avslutte den gamle saka. I tillegg til endra tilskot, kan det bli ny arbeidsfrist. I mellomtida kan og planane ha blitt endra.

Søknadar som kommunen ikkje har behandla før 1. juli, blir løyvd med nye satsar (utan ny søknad).

Behandling av søknader som er sendt inn før 1. juli der tiltaket er påbegynt

- Etter forskriftens § 3 kan det ikkje gis tilskot der tiltaket er påbegynt.
- Dette betyr at det ikkje kan gis tilskot etter fornya søknad og med nye satsar i slike tilfeller.

Det er ingen søknadsfrist for dreneringstilskot, men det må søkjast før grøftearbeidet vert sett i gong. Når du eventuelt får tilskot har du 3 år på deg til å gjere jobben. Søk difor i god tid.

7 Avlingsskade

Ein skal melde frå til kommunen når ein trur at her kan blir avlingsskade på grunn av klima.

Søknadsfrist er 31. oktober.

Her har bla vore lokale haglbyer gjennom vekstsesongen som har gjort skade på ein del frukt. Her var og vinterskade i frukttrø vinteren 2020/2021 som har følgjeskader i år.

8 Sjekk av gjødselport

Sommaren, eventuelt nå før innsett av dyr på vinteren, når gjødsellageret er bortimot tømt, kan det vere lurt å sjekke gjødselport mm. Platene i gjødselporten har ei avgrensa levetid, så dei må skiftast. Det er ein tryggleik for både bonden og det å ta vare på gjødselressursen og klima, å ha sikkert gjødsellager.

Tilskot til tiltak i vassdrag - gjenstøyping av gjødselportar

Rogaland fylkeskommune gir tilskot til gjenstøyping av gamle gjødselportar i område ved sårbare vassdrag. Det gis kr. 4000 i tilskot pr. port, maks. 8000 pr. gjødsellager.

[Meir informasjon om ordninga.](#)

Kan dette vera noko for deg? Ta kontakt med kommunen innan 1. februar.

9 Etablerarretteiing

«Starte egen bedrift i Strand, Forsand og Hjelmeland», Kari Sand som har jobba med etablerarretteiing, kurs og studieturar mm er blitt pensjonist.

Retteiing i høve til tradisjonelt landbruk vert ivaretatt av Torborg Kleppa, tlf. 404 39 126.

Anna etablerarretteiing og bedriftsutvikling, både oppstart og utvikling, kan Suldal Vekst hjelpe til med. Hjelmeland kommune har avtale med Suldal Vekst om dette, og det kostar ikkje noko å ta kontakt med desse. Suldal Vekst har kontordag på Hjelmeland ein dag i veka (og av og til meir), og er elles å treffe på telefon og e-post.

[Du finn meir om dei på nettsida til Suldal Vekst.](#)

10 Disponering av mjølkekvote

Fom 2021 er det eigar av grunnkvote som registrerer kva for nokon mjølkeprodusentar som skal disponera grunnkvoten for neste år, tidlegare utleige av mjølkekvote. Dersom det ikkje vert gjort endringar vil gjeldande disponeringar automatisk overførast frå år til år.

Systemet opna for endringar 1. oktober.

Fristen for å registrera disponering av mjølkekvote er 1. november. På nettsidene til Landbruksdirektoratet kan du kan lese meir om mjølkekvotar.

Treng du hjelp, kan du kontakta landbruksdirektoratet pr. e-post melkekvoter@landbruksdirektoratet.no eller på telefon 78 60 60 00.

11 Skog

Tilskot

Statens sitt ekstra tilskot til «tettare skogplanting som klimatiltak» gjeld og for 2022, frist for å sende inn søknad etter haustplanting er 25. november.

Søknad om tilskot til anna skogkultur som t.d. ungskogpleie bør leverast til kommunen innan 25.11 slik at det kan behandlast før fristen 30.11.

Søknader om skogkultur sendast inn til kommunen, kart og kopi av faktura skal følgje søknaden.

Tilskotssatsar til skogkultur kan ein finne på heimesida til kommunen under næring/skog.

Planting

Dersom ein planlegg planting i 2023, er det lurt å tenkje på plantebestilling allereie no.

12 Viltforvaltning

Rapportering:

Nå er jakta på rådyr, hjort og elg godt i gang. Me minner om at det er viktig å rapportere både undervegs i jakta, og det endelege jaktresultatet.

Jegerane skal rapportera om kva ein har sett og skutt under jakta. Den enklaste og beste løysinga er å lasta ned appen «Sett og skutt» på telefonen, slik at jeger/jaktleiar kan rapportera fortløpande etter kvar jakt dag.

Rapportering av sett og skutt er ein føresetnad for at valdansvarleg kan levera elektronisk fellingsrapport når jakta er slutt.

Alle valdansvarlege er pålagt å rapportera årleg fellingsresultat. Fellingsrapportane skal vera kommunen i hende seinast 14 dagar etter jakt slutt. Det skal leverast fellingsrapport sjølv om det ikkje er skote dyr. (Me kan nemleg ikkje vita om manglande rapport skuldast 0 felte dyr, eller om valdansvarlege har gløymt å levera rapport.)

Ettersøk:

Hugs også plikta til ettersøk av påskutt hjortevilt, jf. § 27 i Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst, og kravet om ettersøkshund i § 23 i same forskrifta. Under jakt på elg, hjort og rådyr, skal jaktlag og personar som jaktar åleine ha tilgang til godkjent ettersøkshund. Dersom ein ikkje har godkjent hund med på jakta, skal ein ha skriftleg avtale som sikrar tilgang innafor eit rimeleg tidsrom etter påskyting.

13 Meir informasjon om utsendingar

Me sender innimellom ut invitasjonar til kurs og møte, påminningar om fristar osv. på e-post. Dei som får dette skrivet på e-post har me adressene til. Dersom det er fleire som ønsker å få tilsendt informasjon på e-post, gi beskjed til Anne Kari Skogerbø, e-post anne.kari.skogrbo@hjemmeland.kommune.no

Hjemmeland kommune har fleire Facebooksider:

- [Hjemmeland kommune – landbruk](#)
- [Hjemmeland kommune – næring](#)
- [Hjemmeland kommune](#)

[Besøk også heimesida til kommunen for å halde deg oppdatert](#)

[Statsforvaltaren i Rogaland har eiga Facebookside for landbruket: Statsforvaltaren og bonden i Rogaland](#)